

## **NOTAT FRÅ MØTE I VASSOMRÅDE NORDFJORD**

Møtet vart halde i Sandane Næringshage den 3. mars 2011.

### **Til stades:**

Sektormyndigheiter:

- Sogn og Fjordane Fylkeskommune – Merete Farstad (møteleiar)
- Fylkesmannen Sogn og Fjordane - John Anton Gladsø
- Fylkesmannen Sogn og Fjordane – Eli Mundhjell
- NVE, Region Vest – Siss-May Edvardsen
- Statens Vegvesen, Region Vest – Liv Janne Kvåle
- Fiskeridirektoratet – Kari Morvik
- Fiskeridirektoratet – Hanne Marie Utvær
- Fiskeridirektoratet – Cathrine Kristoffersen
- Mattilsynet – Merete Helgheim

Kommunar:

- Eid kommune – Hans Frislid
- Eid kommune – Stanisleva Voldsund
- Hornindal kommune – Ståle Hatlelid
- Stryn kommune – Odd Rønningen
- Vågsøy kommune – Einar Hessevik
- Bremanger kommune – Bjørn H Marthinussen
- Bremanger kommune – Espen Gulliksen
- Jølster kommune - Finn Olav Myhren
- Gloppen kommune – Bjørn Aurlien
- Gloppen kommune – Anders Ryssdal
- Gloppen kommune – Einar Holmøy

### **Innleing**

Ordførar Anders Ryssdal ønskte velkomne til det første møtet i vassområde Nordfjord. Etter velkomsthelsinga var det presentasjonsrunde av alle møtedeltakarane.

Styresmakta for vassregionane har fått tittelen vassregionmyndigheit, og er lagt til fylkeskommunen. Ansvaret er etter vedtak i Fylkestinget delegert vidare til fylkesrådmannen.

### **Orientering**

Merete Farstad som er tilsett i fylkeskommunen, orienterte om formålet med planarbeidet, organisering i vassregionar og vassområde og om arbeidsprogram og framdriftsplan.

John Anton Gladsø informerte om fylkesmannen si rolle når det gjeld vurdering av tilstanden i vassdraga, fjorden og langs kysten, og kva kommunane må bidra med i 2011. Vidare orienterte han om landbruk og ureining.

NVE ved Siss May Edvardsen orienterte om NVE sitt ansvarsområde i dette planarbeidet

Demonstrasjon av databasane vannett og vannmiljø ved John Anton Gladsø.

Cathrine Kristoffersen i Fiskeridirektoratet – Region Vest tok føre seg problemkartlegging i marine områder, karakterisering og klassifisering av miljøtilstanden.

Liv Janne Kvåle representerte Statens vegvesen – Region Vest. Ho orienterte om kva verknader vegane kan ha på vassmiljøet.

Presentasjonar vil bli gjort tilgjengleg på <http://www.vannportalen.no/sognogfjordane> under vassområde Nordfjord.

### **Erfaringar frå Stryn kommune**

Odd Rønningen fortalde om erfaringar frå pilotkommunen Stryn sitt arbeid med vassdirektivet. Utgangspunktet for Stryn kommune:

- Hadde vasskjemiske data frå mange lokalitetar på førehand
- Kommunen mangla biologiske data frå elvar, men hadde ferske undersøkingar frå fjordarmane
- Grunnvassførekomstane var ikkje kartlagt
- Kommune hadde sjølv kompetanse på fleire aktuelle fagområde
- Prosjektet fall ikkje inn i andre oppgåver som var planlagt i kommunen, slik at det gav ikkje synergieffekt

Om arbeidet:

- Medlem i vassregionutvalet for Vestlandet
- Saman med fylkesmannen vurdere tilstanden i alle vassdrag og legg inn data i sentrale dataregister
- Organisere synfaringar
- Stryn vassutval utarbeide ”Tiltaksanalyse for vassområde Stryn”
- Tiltaksplan og forvaltingsplan for vassregion Vestlandet
- Oppfølging av forvaltingsplanen (26 tiltak)

### **Organisering**

For å få på plass kompetanse og personellressursar til å gjennomføre arbeidet, må det tilsettast ein prosjektleiar. Finansiering av prosjektleiarstillinga og arbeidet med gjennomføring av tiltak må bli eit spleiselag mellom dei aktuelle kommunane, sektormyndigheiter og fylkeskommunen. Når det gjeld den delen som kommunane skal finansiere er det aktuelt å fordele kostnadane etter same modell som Nordfjordsrådet nyttar. Det må takast omsyn til at Stryn kommune har gjort mykje av arbeidet tidlegare.

Det skal veljast ei vertskommune. Vertskommunen får ansvar for å utarbeide prosjektplan. Sjølve organiseringa av arbeidet vil bli definert i prosjektplanen når omfang og rammer for arbeidet blir tydlegare definert. Det er viktig at organiseringa ikkje blir for omfattande, men at ein opnar for ein open og brei prosess der ulike aktørar deltek.

Val av vertskommune:

Gloppen kommune vart vald til vertskommune. Ein tek atterhald om at finansiering av prosjektleiar kjem på plass.

Val av arbeidsutval i vassområde Nordfjord:

Ein representant frå kommunane Bremanger, Stryn og Gloppen vart valde.

Val av representant i arbeidsutvalet til vassregionutvalet:

Inntil prosjektleiar er tilsett vil representant frå vertskommunen møte i vassregion Sogn og Fjordane sitt arbeidsutval. Framtidig prosjektleiar representerer vassområde Nordfjord i arbeidsutvalet til vassregionutvalet.

Einar Holmøy  
Gloppen kommune